

Sjøfronten, Molde. Foto: Molde kommune

10.01.2023

Møre og Romsdal fylkeskommune

# Program for berekraftig by- og tettstadutvikling

## Oppsummering av arbeid i 2023 og arbeidet for 2024




Opning av Auretorget ved ordførar Hanne Berit Brekken. Foto: Aure kommune



# Innhald

**Forord** 4

**Kva er oppnådd innan satsingsområda og kva har midlane gått til** 6

1.1 Tettstadprogrammet 6

1.2. Byen som regional motor 6

1.3. Mobilitet 7

**Ferdigstilte byrom og møteplassar i 2024** 8

**Andre gjennomførte prosjekt** 12

**Kompetansetiltak** 18

**Presse/kronikkar: eit utval** 20

**Kva for utfordringar har vi - plan for arbeidet i 20234** 24

5.1 Evaluering av programmet 24

5.2 Vidare arbeid med utvikling av programmet 24

5.3 Satsingsområde 2024 25

**Gjesteskribenten: Lene Trude Solheim** 30

Rom for alle gir vekst til by og region 30

# Forord

Møre og Romsdal har to store utfordringar som vi må løyse; det eine er klima og miljø, og det andre er demografi. Vi veit at det i åra framover blir færre personar i yrkesaktiv alder. Både i privat og offentleg sektor vil det bli vanskar med å få tak i og halde på arbeidskrafta vi treng for å løyse oppgåvene. Forenkla sagt er det i vårt fylke ikkje mangel på jobbar, men på folk.

Utfordringane er samansette og krev innsats på mange område t.d. innanfor helse, utdanning og organisering av tenestetilbod. Men det er viktig å minne om at i alt vi gjer må vi ha for auge at det er folk det handlar om. Demografiutvalet, leia av Victor Norman, ga for nokre år sidan eit klokt råd som gjeld både for bygd og by; «målet må vere å skape gode samfunn.» By- og tettstadutvikling handlar nettopp om å skape gode liv for folk. Vi må ha byar og tettstader der vi kan møtast, får ein god kaffikopp og andre ting vi treng, stader å vere som ikkje kostar noko, men som likevel byr på gode opplevingar, og stadar som har god atmosfære som skil seg ut med eigen identitet og kultur. Og ikkje minst nabolag der det er godt å vekse opp og bu i ulike livsfasar. Når staden er organisert slik at mange tilbod er samla med korte avstandar, bidreg det til at fleire kan gå og sykle i kvardagen, og at mange kan bu lenger i eigen bustad.

By- og tettstadprogrammet bidreg med kompetanse, finansiering og deltaking i ulike utviklingsprosjekt i byane og tettstadene i heile fylket. Dette er ei teneste som kommunane etterspør. For tida arbeider fleire kommunar aktivt med ulike prosjekt med støtte frå fylkeskommunen. Mange av dei kan du lese om i denne årsrapporten. Her er det mykje å  lære av kvarandre.

By- og tettstadutvikling er eit godt døme på at fylkeskommunen speler ei viktig rolle som samfunnsutviklar. I 2024 må vi sørge for at vi arbeider godt med dei ressursane vi har, og at vi samarbeider om å nå måla. Dette krev at fylkeskommunen samordnar seg betre og prioriterer innsats for å levere gode tenester til kommunane. Med målretta innsats blir Møre og Romsdal meir attraktivt og klimavenleg – og med betre folkehelse.

Takk til kommunane og samarbeidspartar for godt samarbeid i 2023. Vi ser fram til meir samarbeid om by- og tettstadutvikling i 2024.



**Toril Hovdenak**
Fylkeskommunedirektør



Brosundet, Ålesund. Foto: Ingvild Dverseth Sæter



Syltetorget, Valldal. Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune

# Kva er oppnådd innan satsingsområda og kva har midlane gått til

## 1.1 Tettstadprogrammet

**Gjennom 2023 har følgjande prosjekt fått tilskot frå ordninga:**

| Kommune | Tiltak | Totalkostnad | Søkt beløp | Tilskot og tilskotsdel |
|---|---|---|---|---|
| Rauma | Byromslab «sambruk hele året» | 550 000 | 275 000 | 275 000/50% |
| Herøy | Utviklingsplan Fosnavåg sentrum | 900 000 | 450 000 | 450 000/50% |
| Smøla | Tilpasning av mulighetsstudie | 500 000 | 250 000 | 250 000/50% |
| Sunndal | Tettstadutvikling Sunndalsøra - utviklingsplan for sentrum | 1 400 000 | 700 000 | 700 000/50% |
| Vestnes | Sjøfronten del 3; prosjektering | 400 000 | 200 000 | 200 000/50% |
| Giske | Stadanalyse og ideskisser Valderhaugstrand med Skaret | 800 000 | 400 000 | 400 000/50% |
| Hareid | Stad- og moglegheitsanalyse | 1 200 000 | 600 000 | 600 000/50% |
| Stranda | Kartotek gatemøbel | 102 000 | 51 000 | 51 000/50% |
| | Vidareføring av tettstadprogrammet i Geiranger | 1 224 000 | 612 000 | 612 000/50% |
| Surnadal | Detaljprosjektering gangsamband sentrum - Svartvassområdet | 600 000 | 300 000 | 300 000/50% |
| Sykkylven | Skaparglede i sentrum | 5 689 000 | 2 150 000 | 2 150 000/37,8% |
| Ulstein | Sentrumskoordinator | 3 110 000 | 1 555 000 | 1 455 000/46,8% |
| Sum | | | | 7 443 000 |

Prosjekta fordeler seg mellom tilskot til opparbeiding av byrom og utgreiingsarbeid (som har som mål å leie til opparbeiding av konkrete byroms-prosjekt).

## 1.2. Byen som regional motor

**I 2023 har følgjande prosjekt fått tilskot frå ordninga «berekraftig byutvikling / Byen som regional motor»:**

| Kommune | Tiltak | Totalkostnad | Søkt beløp | Tilskot og tilskotsdel |
|---|---|---|---|---|
| Ålesund | Puls | 700 000 | 350 000 | 350 000/50% |
| | Fornying av byrom | 22 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000/10% |
| Molde | Strategi for samarbeid for utvikling av Molde sentrum | 4 450 000 | 1 700 000 | 1 700000/38,2% |
| | Kunst i byrom, sjøfronten 2 | 900 000 | 300 000 | 300 000/33% |
| | Arkitekturstrategi | 1 100 000 | 550 000 | 550 000/50% |
| | Mulighetsstudie Grandfjære vest | 1 000 000 | 500 000 | 500 000/50% |
| | Utvikle sirkulære verdikjeder og nettverk | 1 000 000 | 500 000 | 500 000/50% |
| Kristiansund | Berekraftig mobilitet i Kristiansundsregionen | 2 500 000 | 1 250 000 | 1 200 000/50% |
| | Sentrumskoordinator | 2 600 000 | 1300 000 | 1300 000/50% |
| | Mulighetsstudie og pilottesting av bymiljøtiltak i bustadgater | 1 700 000 | 850 000 | 850 000/50% |
| | Ombruksentral for møbler og bygningsdeler på Campus KSU | 750 000 | 375 000 | 375 000/50% |
| SUM | | | | 9 625 000 |



## 1.3 Mobilitet

**Det har vore fleire aktivitetar i mobilitetssatsinga knytt til by- og tettstadutvikling i løpet av året, mellom anna:**

- Deltaking i ulike kommunale mobilitetsprosjekt; berekraftig mobilitet i Kristiansundsregionen, framtidens mobilitet i Molde.

- Deltaking i nettverk for berekraftig mobilitet i Kristiansundsregionen: saman med Kristiansund kommune og fleire av aktørane som skal flytte inn på campus Kristiansund er det danna eit nettverk som arbeidar med ulike mobilitetstiltak rundt campus. Kartlegging av mobilitetsutfordringar- og behov har vore sentrale aktivitetar.

- Samarbeid med andre mobilitetsaktørar i fylket for å koordinere tilboda, til dømes Sundbåten og aktørar som tilbyr mikromobilitetstenester.

- Deltaking i offentleg mobilitetssamarbeid med mobilitetsaktørar for å betre mobiliteten for innbyggarane i Møre og Romsdal – og for å oppnå meir saumlause tenester på tvers av fylka.

- Haldningsskapande arbeid knytt til å synleggjere fordelane med å gå, sykle og bruke kollektivtilbodet.

- Arbeid med utforming av konsept knytt til berekraftige arbeidsreiser. Fylkeskommunen valde gjennom å ta ei rolle i "sykle til jobben"-kampanjen å bidra til at kommunane i fylket kunne fokusere på å fremme meir berekraftige arbeidsreiser til sine tilsette og innbyggare. Fem kommunar deltok; Aukra, Hareid, Kristiansund, Ulstein og Volda. I løpet av perioden oppnådde kommunane gode resultat med ei auka i tal deltakare samanlikna med tidlegare.

- I T-107/22 vart det gitt tilsegn om støtte på 1 mill. kroner frå ordninga Byen som regional motor til drift av Sundbåten i Kristiansund kommune.

2

# Ferdigstilte byrom og møteplassar i 2023

**Venstre, nedst:**

- Sjøfronten del 2
  Foto: Molde kommune

**Høgre, øvst:**

- Sjøfronten og Molde sjøbad.
Foto: Molde kommune

**Høgre, midten:**

- Molde sjøbad
  Foto: Molde kommune

**Høgre, nedst:**

- Treningsområde, sjøfronten/sjøbadet
  Foto: Molde kommune















**Venstre, øvst:**

- Strakstiltak Langevågsbrygga.
  Foto: Sula kommune

**Venstre, midten:**

- Hamnefront, Volda.
  Foto: Volda kommune

**Venstre, nedst:**

- Fontena, Ørsta.
  Foto: Ørsta kommune

**Høgre, nedst:**

- Auretorget.
  Foto: Aure kommune



# Andre gjennomførte prosjekt

**Geiranger - Detaljprosjektering Fjordaparken.** Stranda kommune fekk støtte til å engasjere landskapsarkitekt for å detaljprosjektere Fjordaparken i Geiranger sentrum. Fjordaparken er eitt av tiltaka som er peika ut som aktuelle etter gjennomføring av moglegheitsstudiet i 2022. No blir det jobba med finansiering av parken.






**Geiranger - Designmanual for Geiranger sentrum.** Utarbeiding av designmaual for Geiranger er eit av dei andre konkrete tiltaka etter moglegheitsstudien frå 2022. Manualen skal bidra til at sentrum får ei meir heilskapleg utforming, både av bygningar, men også skilt og møblering.




**Sykkylven - Prosjektering Bankplassen.** Sykkylven kommune har fått støtte til å detaljprosjektere Bankplassen, som er byrommet foran det gamle bankbygget, som no husar biblioteket og Skaparlinken cowork og frivilligsentral. Bankplassen vil bli eit flott byrom som binder saman funksjonane inne i bygget med bygolvet i Sykkylven sentrum. Program for by- og tettstadutvikling ga i 2023 også tilskot til opparbeiding, og arbeidet er i gang. Vi reknar med at bilde av ferdig opparbeidd byrom vil kunne kome i neste årsrapport.

**Kristiansund - Samtidskunst og stedsutvikling, 6. mai 2023.** Arrangementet vart gjennomført i regi av Kristiansund Kunsthall i samarbeid med Kristiansund kommune. Gjennom paneldebatt, diskusjoner og foredrag var ei rekkje aktørar på banen i løpet av seminaret. Dei såg også nærare på rolla som kunstnarar og arkitektar kan ha i utviklinga av tettstadar. Kunsthallen mottok støtte frå KORO, Kulturrådet, Kristiansund kommune, Sparebank1 Nordmøre og Møre og Romsdal fylkeskommune. https://www.arkitektur.no/aktuelt/byutvikling/inviterer-til-kunst-og-stedsdebatt-i-kristiansund/




**Molde - Rosenes by.** Rosenes By har vore eit samarbeid mellom Romsdalsmuse-et, Masterplan Reiseliv, Molde Sentrum, Hagelaget og Molde kommune. Prosjektet vart avslutta med namnekonkurranse og overrekking av den nyutvikla rosa «Louise Dahl of Molde». Ved å etablere nye bed og rosetårn, samt bytte ut andre planter med roser, har ein skapt ein «raud tråd» gjennom byens parkar, torg og gater som bind byromma saman og understreker byens identitet som rosenes by.






**Molde - Store data; Smart data, smart vatn og smart mobilitet.** Prosjektet "Store Data" har bygd ein dataplattform for lagring, forvalting og deling av data frå kommunale system og sensorar. Prosjektet har no ei dataplattform med sanntidsoppdatering og forvalting av 20 ulike kjelder og datasett, mest knytt til tema som smart vatn, smart mobilitet, klima og energi. Dataplattforma har utvikla løysingar for presentasjon og visning av desse data, i tillegg til korleis dei kan delast internt og med eksterne samarbeidspartnarar. I tråd med regjeringa sin digitaliseringsstrategi er prosjektet ein pådrivar for samanhengande tenester i offentleg sektor og viktig for ei berekraftig samfunnsutvikling.

**Molde - Forprosjekt ombrukssentral, Molde.** Byggebransjen er ein av dei største kjeldene til avfall i Noreg og har ein betydeleg påverknad på ei berekraftig samfunnsutvikling. Forprosjektet for ein ombruksentral i Molde har vist at det er eit tydeleg behov for ein slik sentral i regionen. Det blir tilrådd å starte med ein pilotversjon av ombruksentralen for å minske risikoen og maksimere kompetanseutviklinga. Molde har potensiale til å bli ein leiar innan sirkulær omstilling og etablere seg som marknadsplattformen for gjenbruk av byggevarer i regionen, men dette krev vidare samarbeid og innsats frå aktørane både innan privat og offentleg sektor.

**Ålesund - Verkstad da Vinci: Ung i byen.** I 2019 vart ideen om å skape Verksted da Vinci til - eit «Newton rom» for estetiske fag. Ønsket var å skape eit tilbod for å styrke kunnskap og kompetanse i dei estetiske faga i skulen. For å få dette til har Ålesund Kommune og Aggregat Kunstnarsfelleskap oppretta «Verkstad da Vinci» som eit tilbod både for elever og lærere i grunnskolen. Verksted da Vinci er no planfesta og fungerer som eit fast tilbod for alle 5-klassingar i kommunen.



Foto: Ålesund kommune

**Åleusund - Bysyklar.** Prosjektet for å etablere bysyklar i Ålesund har vore gjennomført med føremål å tilrettelegge for sykling for innbyggarar og besøkande. Totalt 15 syklar er fordelt på dei tre lokasjonane; Ålesund rådhus, Campus ved Norsk marint kompetansesenter og Moa ved svømmehallen. Ordninga vart sett i drift september 2021 og avtalen med leverandør varer til 31.12.2024. Fram til no har det vore ledig kapaiset på syklane. Erfaring viser at det tar tid å endre vanar og få innarbeidd denne typen konsept.







**Ålesund - Prosjektering av Ringgata byrom.** Prosjektet er meint å fungere som ei vidareføring av den omfattande medverknadsstrategien som inngår i arbeidet med ein områdeplan for Aspøya. Arbeidet vil difor vere eit konkret resultat av ønske og innspel frå tidlegare medverknadsprosessar med innbyggarar i området. Barnehagar i sentrum har vore med på eit kunstprosjekt der ungane har måla kvar sin elvestein som vil bli støpt ned for hand på ulike stadar i området.



Illustrasjon: Ålesund kommune

## Søknad om pilotar til Bygdevekst 2.0 - Aure og Smøla

Program for berekraftig by- og tettstadutvikling foreslo i handlingsplan for 2023 å utgreie pilot for Tettstadpakker i Møre og Romsdal. Dette blir i første omgang sett i samanheng med Bygdevekstavtalane som regjeringa lanserte våren 2023. Fylkeskommunen og Statsforvaltaren tok initiativ overfor Aure og Smøla og bidrog til at dei søkte om deltaking. Januar 2024 fekk dei positivt svar på søknaden. Program for berekraftig by- og tettstadutvikling vil følgje opp arbeidet i 2024.

## Læringsartikkel om Valldal

Program for berekraftig by- og tettstadutvikling har skrive ein læringsartikkel om sentrumsprosjektet i Valldal i samarbeid med Distriktssenteret. Artikkelen blir brukt som eit forbilde for andre kommunar og fylkeskommunar for korleis ein kan jobbe saman for å realisere prosjekt med avgrensa ressursar på små stadar. Læringsartikkelen er å finne på Distriktssenteret sine nettsider: Illustrasjon: https://distriktssenteret.no/eksempel/samarbeid-spleis-og-dugnad-for-sentrumsutvikling/




Illustrasjon: https://distriktssenteret.no/eksempel/samarbeid-spleis-og-dugnad-for-sentrumsutvikling/

## Innlegg og konferansieroppdrag

Program for berekraftig by- og tettstadutvikling blir jamnleg forespurt om å halde innlegg på seminar/konferansar. Vi kan trekkje fram desse som vi deltok på i 2023: I mars vart vi invitert av Kommunal- og Distriktsdepartementet til å halde innlegg på nasjonalt innspelsseminar om "regionale verktøy for kvalitet i bygde omgivelser". Her representerte vi på vegne av alle landets fylkeskommunar. I juni vart vi invitert til Fosnavågkonferansen for å snakke om byutvikling. Næringsforeningen Ålesundregionen inviterte oss til å stille med konferansier på Byggebørsen i oktober. Byggebørsen er byggenæringa sitt årlege treffpunkt for bygge- og anleggsbransjen i Ålesundsregionen.




Kristiansund sentrum. Foto: Magnar Fjørtoft



Kunst på torget, Molde. Foto: Kai Bedringås

# Kompetansetiltak

**Det vart arrangert fleire seminar og møteplassar som samlar deltakarar på tvers av store og små kommunar. I 2023 har Program for berekraftig by- og tettstadutvikling gjennomført desse kompetansetiltaka:**

**By og tettstadseminaret, Kristiansund**
13.- 14. juni. 126 deltakarar.
Tema for seminaret var "Jakta på den attraktive staden".

Podkasten "Urbanitet i Møre og Romsdal" vart produsert under arrangementet: https://audioboom.com/posts/8328077-urbanitet-i-more-og-romsdal

**BRM-samling, Kristiansund**
7.-8. februar.
Nettverkssamling for Ålesund, Molde og Kristiansund i Byen som regiona motor. Sosial berekraft i stadutvikling, medverknad. Nytt frå delprosjekta i byane.

**Del &Lær, Molde**
31.oktober. 47 deltakarar.
Nettverkssamling for kommunar i by- og tettstadutvikling i Møre og Romsdal.

**Frukostwebinar:**

**1) 3. mars: Korleis planlegg vi eit byrom og sikrar eit godt resultat**
Ragnhild Momrak, Dronninga landskap.
64 påmeldte

**2) 19. april: Vi dukkar ned i regnbedet**
Taran Aanderaa, Asplan Viak AS.
61 påmeldte

**3) 24. mai: Gode plangrep med rekkehus**
Olav Kristoffersen, professor, NTNU.
62 påmeldte

**4) 19. september: Arkitektkonkurransar – innkjøp av arkitektkompetanse**
Gisle Nataas, NAL.
28 påmeldte

**5) 20. oktober: Korleis handterar vi parkering i sentrumsområde**
Jomar Lygre Langeland, Civitas.
63 påmeldte

**6) 5. desember: Pop up som byromstiltak**
Hilde Nygård, Kongsvinger kommune.
49 påmeldte






**tysdag 13. juni**

FORPROGRAM
09:00 **Byvandring i Kristiansund** ved Jan Brede Falkevik, Kristiansund kommune. Oppmøte ved Piren i sentrum
LUNSJ
11:30 Thon Hotel Innlandet

ATTRAKTIVE BYAR OG STADAR – KVA SKAL TIL?
12:30 **Velkomen til Kristiansund**
Kjell Neergaard, ordførar i Kristiansund
12:35 **Angår by- og stadutvikling oss i Møre og Romsdal?**
Line Hatmosø Hoem, fylkesordførar
12:45 **Kva er ein attraktiv stad?**
Alexandria Algard, juryleiar Statens pris for Attraktiv By
13:20 **Kva har Bryne og Time kommune gjort for å bli attraktive?**
Yvonne van Bentum, rådgivar Time kommune
13:45 **Pause**

DEN FYSISKE BYEN
14:00 **Kva er ein by, og korleis ser han ut?**
Ellen DeVibe, arkitekt og urbanist, tidl byplansjef i Oslo
14:40 **Må vi lære å bygge byar på nytt?**
Anja Standal, PhD, NMBU
15:00 **Korleis bygge i by?** Byforming, byreparasjon & transformasjon
Kurt Singstad, MAD arkitekter
15:20 **Pause med litt påfyll**

15:40 **Slik bygger vi i Kristiansund**
KBBL/ Vidar Solli, Heidi Sæther
15:50 **Bopilot i Bergen**
Tina Larsen, Byarkitekten i Bergen

16:20 **SAMTALE:** ***Kva er dei fysiske byggeklossane som kjenneteikner ein god by og kva skal til for å bygge han?***
Moderator: Karoline Birkeli-Gauss
17:00 **Pause**

KVELDSPROGRAM
18:30 **Sundbåten til sentrum, vandring til Kulturfabrikken**
Jan Brede Falkevik, Kristiansund kommune, viser veg
19:15 **Kulturfabrikken: BYPULS!**
Live innspeling av podkast om byutvikling
Tapas, mingling & underhaldning

**onsdag 14. juni**

FLEIRE FOLK I SENTRUM
08:25 **Velkomen til dag 2**
Konferansier
08:30 **Regionen sin attraktivitet og tiltrekkingskraft på folk - kva rolle speler byen/tettstaden?**
Hanne Toftdahl, Vista Analyse
09:00 **Sentrumshandel og byliv - tall, trendar og tilgjenge**
Morten Sandberg, fagsjef Hovedorganisasjonen Virke
09:20 **Slik vil KNN arbeide med sentrumsutvikling i Kristiansund**
Kristiansund og Nordmøre næringsforening

09:30 **Leik i byen - slik gjer Trondheim byen attraktiv for born og unge**
Silje M. Lien og Mari H Basberg, Byplankontoret, Trondheim kommune
09:50 **Nye buformer - eit større mangfald av bustadar & bukvalitetar**
Oda Ellensdatter Solberg, Natural State
10:20 **Pause**

10:50 **Meir plass til folk, mindre plass til bilar**
Ulrik Eriksen, forfattar
11:20 **Parkering i Åndalsnes sentrum - slik gjer vi det**
Tom Erik Rødven, utbyggingssjef Rauma kommune
11:40 **Kvardagsreisa - dei fysiske rammene for folkehelsa**
Jørgen Skatland, DOGA
12:00 **Pause**

12:20 **SAMTALE:** ***Kva skal til for å få fleire folk i sentrum? Korleis kan ulike krefter spele på lag?***
Moderator: Karoline Birkeli-Gauss
12:55 **Avrunding**

LUNSJ
13:00 Thon Hotel Innlandet
14:00 Vel heim!

Møre og Romsdal fylkeskommune





By- og tettstadkonferansen i Kristiansund. Foto: Ingvild Gjerdet

# Evaluering og plan for arbeidet i 2024

## 5.1 Evaluering av programmet

I 2023 vart Program for berekraftig by- og tettstadutvikling evaluert av Prosjektarenaen. Dei viktigste funna er:

**1. Behov for å tydeleggjere og spisse målsettingar og innhald.** Det bør formulerast mål om kva ein skal oppnå i samarbeid. Tydelegare prioriteringar vil og gjere det lettare å sjå kva for delar av organisajonen som bør samarbeide om kva for å nå måla.

**2. Samarbeid internt er den største utfordringa.** Evalueringa rår til å gå bort frå deling mellom tilskotssordningar for by og tettstad og etablere to nye ordningar inn i prosessen for økonomiplanen for 2024-2027: «Tilskot til stadutvikling» og «Tilskot til berekraftig samfunnsutvikling». Det bør samarbeidast på tvers av ordningane ved tildeling av tilskot, også med tilskotsordningar på Kulturområdet og Kompetanse- og næringsområdet.

Skiljet mellom by- og tettstadutvikling bør byggast ned. Arbeidet for kommunane bør i mindre grad organiserast etter geografi og i større grad etter fagområde og arbeidsmetode.

**3. Møteplassene og kontakta med kommunene er det som har fungert best.**
Tilrådingar:
a) Reetablere bymøtet som eit instrument for samhandling mellom toppleiing i fylkeskommunen og toppleing i dei tre byane. Tema for møta bør avhenge av kva som er aktuelle politiske tema, der dei tre regionbyane kan seiast å ha spesielt sentrale roller.

b) Vidareføre BRM-fellesmøta. Seksjon for berekraftig samfunnsutvikling har hovudansvar, men må involvere også andre delar av sentraladministrasjonen. Møteplassen bør sjåast i samanheng med møteplassar med kommunane gjennom Berekraftfylket og Digi MogR, samt framtidige by- og tettstadseminar ved seksjon for plan.

I porteføljestyremøte 12. juni 2023 vart det vedteke at seksjon for berekraftig samfunnsutvikling og FRAM marknad går ut av programmet. Seksjon for plan etablerer eit nytt by- og tettstadprogram med utgangspunkt i det eksisterande tettstadprogrammet. Mange av dei eksisterande prosjekta i BRM blir flytta over til seksjon for plan og inngår i det nye programmet.

## 5.2 Vidare arbeid med utvikling av programmet

Seksjon for plan vil i 2024 samarbeide med kulturavdelinga og kompetanse- og næringsavdelinga om å vidareutvikle programmet med bidrag og leveransar frå desse avdelingane.




Figur 1: Illustrasjon av 10-minuttsbyen i Hopen, Aure, Kristiansund og Løkkemyra.

Figur: Illustrasjon av 10-minuttsbyen i fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023-2026

Gjennom fokuset på sentrumsområde (og tilgrensande område) har vi eit tydeleg geografisk innsatsområde for arbeidet med å nå fylkesplanmålet. Det vil bidra til å utvikle «10-minuttsbyen» som er det berande prinsippet for by- og stadutvikling fastlagt i «Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023-2026».

**Planseksjonen** vil ta ansvar for kompetanse og rådgiving innan stadanalyser, breie utviklingsplanar, byromstrategiar, planlegging og prosjektering av byrom, utvikling av nabolag og bumiljø; medverknadsprosessar, tilskottsforvaltning, rapportering og samordning av programarbeidet, samt ivareta koplinga til planlegging etter PBL.

Vi vil sørge for kontakt og samarbeid med nasjonale fora som Distriktssentret, Doga, KDD (Forum for stedsutvikling), Bylivssenteret og Husbanken. Vi vil og framover sørge for å arrangere konferansar og nettverkssamlingar for kommunane i fylket.

**Kulturavdelinga** vil ta ansvar for å bringe inn kompetanse innan kunst i stadutvikling. Kulturavdelinga vil også, der det er relevant og aktuelt, sørge for kopling mellom folkehelse og by- og stadutvikling, biblioteket si rolle i sentrumsutvikling og kulturmiljø som ein ressurs i by- og tettstadutvikling. Riksantikvaren sin bystrategi vil mellom anna vere relevant fagleg kunnskapsgrunnlag.

**Kompetanse- og næringsavdelinga** vil ta ansvar for eit kompetanseprogram for handelsdrivande og kople på relevant fagkompetanse- og miljø. Næringsutvikling og by- og tettstadutvikling heng saman; folk treng jobbar, men jobbane treng også folk, og dermed attraktive byar og stadar. NHO Møre og Romsdal uttalte i desember 2023 at tilgangen på kompetanse og arbeidskraft er ei av regionens største utfordringar. Fleire sentrums- og næringsforeiningar oppgir at mange næringsdrivande i sentrum har behov for kompetansepåfyll, då næringa er i endring. Samstundes erfarer vi at desse "bylivsbutikkane" har ein viktig funksjon i bybildet, som bidreg til trivsel og autensitet.

## 5.3 Satsingsområde i 2024

Når denne årsrapporten blir skrive, er dei økonomiske rammene for programmet i 2024 enno ikkje fastlagt. Dette blir avgjort i fylkestinget i april. Kva vi får til på punkta under, vil vere avhengig av dette.

### 5.3.1 Etablering av byrom for alle

Omgivnader som legg til rette for at folk i alle aldrar møtast, bidrar til at staden blir attraktiv og relevant som møtestad for alle innbyggarane i heile kommunen. Byromma og møteplassane skal ha god kvalitet og bidra til nye bilde av kommunen og Møre og Romsdal som region. Det overordna målet er auka attraktivitet og omdøme.

### 5.3.2 Kvalitet i bygde omgivnader

Måten vi former stadene våre styrer korleis vi nyttar dei. Dette krev ein arkitektur som spelar på lag med menneska som nyttar staden – ein inkluderande arkitektur. I 2024 vil vi rette merksemd mot arkitektur som verktøy for å skape gode stader og byar, og eigna arbeidsverktøy i form av metodar, strategiar og framgangsmåtar kommunane kan ta i bruk.

**5.3.3 Bustad og bustadpolitikk**
Næringslivet har trekt fram manglande tilgang på bustadar som ei utfordring for å få tak i kompetanse og arbeidskraft. T.d. kan tilflyttarar i distrikta ha vanskar med å finne eigna bustad på leiemarknaden. Det er og stort behov for alderstilpassa bustadar i og nært sentrumsområda slik at fleire kan bu lengre heime. Dette verkar også inn på kommunen sin tenesteproduksjon og helse- og omsorgsbudsjett. I 2024 vil vi fortsette samarbeidet med Husbanken og Statsforvaltaren med å auke kompetansen og styrke samarbeidet med mål om å utvikle framtidsretta bumiljø og nabolag.

**5.3.4 Samarbeid om sentrumsutvikling**
Sentrumsutvikling er eit tema der mange må samarbeide. Offentlege og private aktørar må nytte sine verkemiddel og prosjekt slik at dei dreg i same retning. Vi erfarer at det manglar rutiner og organisering av samarbeid mellom ulike partar, og at det ofte manglar ei felles verkelegheitsoppfatning- og forståing av kva samarbeid om sentrumsutvikling inneber. Vi vil generelt bidra til kompetanseheving om temaet og særskilt bidra i kommunale prosjekt som arbeider med å styrke samarbeidet om sentrumsutvikling.

**5.3.5 Næringsutvikling i sentrumsområde - kompetanseprogram for handelsdrivande**
Målet for programmet er å styrke lønsemd og økonomisk berekraft i den enkelte bedrift gjennom kunnskap, nettverk og verktøy som kan finne nye kjelder til inntekt og utvikle butikken i samspel med kommunen og tettstaden. Det skjer både gjennom samarbeid og utvikling av den enkelte verksemd som deltek i programmet.

Prosjektet skal utløyse betre offentleg - privat samarbeid om sentrumsutviklingstiltak, betre samarbeid mellom bedrifter om utvikling av eit fleirfunksjonelt sentrum og auka verdiskaping for den enkelte bedrift i samarbeid med andre. Programmet føreset at kommune, sentrumsutviklingsorganisasjon, næringsutviklingsselskap står bak søknaden på vegne av bedrifter og gardeigarar som vil delta i programmet.

Utviklingsprogrammet blir bygd opp rundt tre hovudtema:
- Leiing med fokus på kompleksitet i rolla som butikkdrivar
- Lønsemd i både butikk og gjennom tilleggstenester
- Samarbeid med kommune og lokalsamfunn for å tilby berekraftige servicetenester som staden har bruk for.

**5.3.6 Kunst i våre uterom**
Eit bidrag til by- og tettstadprogrammet, er kulturavdelinga sitt samarbeidsprosjekt med Trøndelag og Vestland fylkeskommune. Prosjektet er i oppstartsfase og det er søkt midlar frå KORO (statleg etat under Kulturdepartementet som forvaltar og formidlar kunst i offentleg rom). Prosjektet heiter Kunst i samfunnsutvikling – eit utviklingsprosjekt som har som mål å finne gode arbeidsmetodar og finansieringsmodellar som kan bidra til meir kunst i offentleg rom i mindre kommunar og kunst som ein del av samfunnsutviklinga.

Prosjektet skal bidra til å styrke kunst i offentleg rom og gi gode verktøy i arbeidet med kunst i samfunnsutvikling. Det er eit tverrsektorielt prosjekt, der kunst blir ein meir integrert del i samfunnsplanlegging- og utvikling. Det er ønska å få med tre kommunar frå kvart fylke i dette prosjektet, som vil gi gode kunstprosjekt som ein del av samfunnsutviklinga. Prosjektet er avhengig av ekstern finansiering for oppstart og gjennomføring.


Byparken, Ålesund. Foto: Terje Aamodt


Inngangsparti. Foto: Ingvild Gjerdset


Nabolag, Hospitalsløkkan, Trondheim. Foto: Ingvild Gjerdset

**5.3.7 Biblioteket som ressurs i sentrum**
Bibliotek som ligg i sentrum av byar og tettstadar er eit viktig tilbod som bidreg til byliv. Biblioteket er ein gratis og offentleg arena for litteratur og kultur, men også ein viktig møteplass som bidreg til sosial berekraft i lokalsamfunnet.

I 2024 vil kulturavdelinga sjå satsinga «Leselyst med dei yngste – saman om lesekultur i Møre og Romsdal» i samanheng med by- og tettstadutvikling. Prosjektet er eit samarbeid med 24 kommunar i fylket, det målet er å styrke biblioteka i Møre og Romsdal sin innsats for å nå ut med lesing og litteratur hos dei yngste barna. Gjennom ulike aktivitetar vil biblioteka ha som mål å skape leselyst hos barn i alderen 0–6 år, spreie kunnskap om verdien av lesing og etablere ein bevisst lesekultur for dei vaksne som er tett på barna i det daglege. For å oppnå dette vil dei samarbeide med barnehagar, skolar, helsestasjonar, andre bibliotek, frivillige organisasjonar og andre.

Bruken av sentrum vil naturleg henge saman med prosjektet; turen til og frå biblioteket kan organiserast slik at leikeplassar, torg, parkar, turvegar og liknande blir aktivt brukt i samband med bibliotek-besøket.

Kulturarvseksjonen vil også nytte biblioteka som arena for å skape lokalt engasjement rundt den mangeårige kulturminnesatsinga i kommunane (KIK), og vil bidra til program som set kulturminne og kulturmiljø på dagsorden.

**5.3.8 Den Trondhjemske postvei**
Kulturminne og kulturmiljø er viktige ressursar i by- og tettstadutvikling, og vi ser at det ligg potensial til å jobbe meir samla med dette frå fylkeskommunen si side. I 2024 vil vi spesielt sjå "Nasjonalt postveiprosjekt - Den trondhjemske postvei 2023-2026" i samanheng med Program for berekraftig by- og tettstadutvikling.

Prosjektet er eit verdiskapingsprosjekt på kulturmiljøfeltet som skal bidra til miljømessig-, sosial-, kulturell- og økonomisk verdiskaping. Vi skal ta vare på og utvikle den trondhjemske postvegen med og for lokalsamfunna langs vegen. Gjennom fokus og ivaretaking av denne historiske vegen skal vi bidra til utvikling av lokalsamfunn ved å bruke kulturhistoriske verdiar som ressurs for rekreasjon, oppleving og reiseliv.

Der postvegen går gjennom sentrumsområde vil det vere naturleg å bruke postvegen aktivt som ein ressurs i sentrumsutviklinga. Vi skal utføre arbeidet i samskaping med kommunar og lokalmiljø og saman bygge merkevaren "Den trondhjemske postvei" som eit av landets lengste kulturminne. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom tre fylkeskommunar: Vestland, Møre og Romsdal og Trøndelag, samt Statens vegvesen.



Ålesund, Brosundet. Foto: Trine Hofseth Helgå



Vågen, Kristiansund. Foto: Terje Aamodt

# Gjesteskribenten: Lene Trude Solheim, tidl. adm.dir. Næringsforeningen Ålesundregionen

## «Rom for alle» gir vekst til by og region



### De gode offentlige møteplassene

Mye i vårt samfunn er i stor endring. Med "Rom for alle" skal byen og regionen ha ulike og varierte typer av møteplasser. Flere av disse skal være gratis å bruke, og de kan gjerne være utendørs. Slike plasser skal både innby til, og gjøre det lettere å for folk å bli kjent med hverandre. Psykolog Susan Pinker hadde i 2017 en TED-opptreden der hun viser til forskning som blant annet konkluderer med at de tilfeldige samtalene med fremmede i hverdagen kan bidra til at vi lever lenger.

Vi må tenke inkludering når det kommer til by og regionsutvikling. Dersom du føler seg trygg der du bor, får du sterkere tilknytning til stedet, ifølge forsker ved Universitetet i Agder (UiA), Jan Georg Friesinger(1). Han har gjennomført en studie sammen med kollegaer ved UiA, og de har sett på svarene fra over 28.000 voksne fra 30 kommuner som deltok i Fylkeshelseundersøkelsen i Agder i 2019.

I en artikkel på Forskning.no forteller Friesinger at det internasjonalt er gjort mye forskning på bærekraftige miljøer og folkehelse. Det er kjent at det å oppleve tilhørighet til hjemstedet, gir økt livskvalitet. Derfor er arbeid med byplanleggingen viktig. Vi må fortsette å skape disse fysiske møteplassene hvor man kan komme i tilfeldig prat med andre.

### Vår samfunnsrolle

Som Næringsforening kjenner vi på et stort ansvar for å gi våre medlemmer i ulike bransjer best mulig rammevilkår for å kunne drive næring på en effektiv og lønnsom måte. Gjennom våre møteplasser ønsker vi å skape rom for alle typer mennesker.

Vi organiserer ulike bransjegrupper, konferanser, medlemsmøter og talentsamlinger. Målet er at ulike typer mennesker skal møtes, drive erfaringsutveksling og utvikle gode ideer sammen. Vår erfaring er at gjennom å kjenne hverandre, så får vi til mer; prosesser blir mer effektive og det er lettere å identifisere felles målsettinger.

Holdningen vår er at vi sammen kan bidra til å gjøre regionen vår attraktiv og interessant, og dette er helt avgjørende for å sikre nødvendig kompetanse i årene fremover. Vi konkurrerer ikke med andre byer/steder i vårt eget fylke, vi konkurrerer mot de store byene i Norge. Vår region rekrutterer også kvalifisert arbeidskraft fra utlandet i større grad enn vi gjorde for 20 år siden, ikke minst på grunn av NTNU Ålesund.

Vi er en liten organisasjon som jobber sammen med en rekke aktører på ulike arenaer. Samarbeid er svært viktig for oss. Vi ønsker å bygge opp under kompetansen og styrker til våre relasjoner og samarbeidspartnere, både i privat og offentlig sektor.

### Norges mest attraktive næringsregion

Skal vi være attraktive, må vi ha full pakke. «Rom for alle» innebærer både gode offentlige rom, et åpent og inkluderende næringsliv og et spennende og variert kulturliv. Hva som kan defineres som gode «rom» vil være forskjellig fra person til person. Både livsstil, livsfase, kultur og personlighet er med på å avgjøre dette, og utfordringen er å favne alle. Ifølge Lovise K. Otterleis sammenfatning av kjønnsrelatert forskning i regi av Møreforskning, har fylket vårt både et kvinne- og kompetanseunderskudd.

Samtidig blir regionen oppfattet som å ha et maskulint næringsliv, med hovedvekt på fiskeri, marine og maritime næringer. Dette inntrykket fikk vi også forsterket gjennom Næringsforeningen Ålesundregionens egen omdømmeundersøkelse som ble gjennomført høsten 2023. Her ble åpenhet og mangfold identifisert som et område med forbedrings-potensial. I tillegg kom det frem at vi kunne bli bedre på å fremme kulturlivet vårt og alle gode kvaliteter som ligger i det. Dette er noe vi ønsker å jobbe videre med.

For oss er det åpenbart at vi må gi «plass» til alle. Da vil vi kunne oppnå vi et større mangfold, mer åpenhet, og vi blir mer attraktive for flere. Dette er svært viktig for en region med et aktivt, innovativt og voksende næringsliv som leter etter mer arbeidskraft og kompetanse. Dette noe vi i Næringsforeningen tar med oss videre i vårt arbeid med rekruttering og omdømmebygging. Vi skal ikke legge skjul på at vi har en sterk marin og maritim næring. Likevel er det viktig å fremme at vi også har mange andre spennende arbeidsplasser, blant annet innen teknologi, kultur og idrett, utdanning, bygg- og anlegg og finans.

Varaordføreren i Ålesund, Monica Molvær, uttalte på Moakonferansen høsten 2023 at regionen «eksporterer kvinner og homofile». Hun setter det på spissen, men hun har et poeng som vi velger å ta med oss i jobben med å bli Norges mest attraktive næringsregion.

Ved å velge blant annet unge kvinner som en av våre målgrupper i vårt omdømme- og rekrutteringsarbeid, ønsker vi å ta tak i dette. Dersom vi klarer å tiltrekke oss flere kvinner til regionen, så følger det ofte med en partner også. I sum tror vi dette vil bidra til å møte fremtidig kompetansebehov i vår region.

Arbeidskraft fører til skattepenger, noe som igjen gir kommune og fylke større muligheter til å utvikle seg videre. Og midt i denne sirkelen har vi «rom for alle» og et samarbeid mellom mange, ulike aktører. Vi er rett og slett sterkere sammen!



**Lene Trude Solheim**
Tidl. adm. dir.
Næringsforeningen Ålesundregionen
Desember 2023

1) Referanse: Jan Georg Friesinger mfl.: The significance of the social and material environment to place attachment and quality of life: findings from a large population-based health survey. Health and Quality of Life Outcomes, 2022. Doi.org/10.1186/s12955-022-02045-2

2) Artikkelen om Friesinger https://www.forskning.no/land-og-regioner-partner-psykologi/lykken-er-a-hore-til-et-sted/2090135

Møre og Romsdal
fylkeskommune